

Fra: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Sendt: mandag 12. desember 2022 13:37
Til: Einar Aase
Kopi: Else Marie Nødtvedt
Emne: Bruksendring 449/32 Nøttveit- Kommentar til svar og goskjent bruksendring

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Ser at det står at det ikkje er lagt ved kostnadsvurdering av utbetring med TEK 17 . Det er ikkje rett. Eg har anslått ein kostnad på 1,2-1,5 mill for å oppgradere til TEK 17 krav for alle heimlar i svarbrevet på side2, datert 24. november. Det er slik at eg meiner kun utskifting av f. eks. vindauger ikkje vil ha store utslag på total energiramme. Kostnader med å byte ut vindauger og dører vil liggje rundt 350 000 og vil som sagt ha liten innverknad på total energibruk.

Vidare ser eg at det ikkje vert gitt fritak for sikring mot radon. Dette forstår eg ikkje ut frå at målte **verdiar ligg svært langt under måleverdiar som tilseier tiltak for å redusere radon inntrenging.**

Det vert jo dermed meiningslaust å gjere tiltak når verdiar er rundt 15 Bq/m³ og kravet for tiltak er sett til 100 Bq/m³. Det vert sendt inn prøvetakarar som syner sikrare målt verdi i enruar og resultatet feå desse kan då eigar sende inn til kommunen.

Eg forstår vedtaket slik at det er krav om byte av vindauger og ytterdører. Dette er rekna som vedlikehald og er ikkje søknadspiktig. Ei heller eventuell tiltak for reduksjon av radoninntrenging.

Det står også på side 7 at tiltaket krev avfallsplan. Det kan ikkje være riktig då minstekravet der er 300m² og her er arealet av bygningen 186 m².

Tolkar vedtaket slik at det må sendast inn stadfesting på byte av vindauer og dører med oppgitte u-verdiar for desse, samt kopi av leverte gamle vindauger til godklient mottak.

Er dette riktig?

Med venleg helsing
Karl Atle Taule



Radøyvegen 1400, 5936 Manger

Mob. 90866010

atle@ing-taule.no